



Arkivnr: 2014/15561-94

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik, Ronny Skaar

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.09.2014

Tildeling av prosjektmidlar under Kulturelt utviklingsprogram 2014**Samandrag**

Fylkestinget vedtok 8. desember 2009 igangsetting av Kulturelt utviklingsprogram (KUP) i samsvar med vedtak 10. juni 2009, og slutta seg til organisering og søknadsprosess som framstilt i saka. Vedtekne programområde for 2014 er følgjande: A: Kunsten i samfunnet, A: Kunsten i samfunnet, B: Samarbeid, C: Nyskapande formidling, D: Kompetanse.

Ved søknadsfrist i vår kom det inn 35 søknader som er handsoma i denne saka. Det er til saman totalt søkt om 24 692 528 kroner. For 2014 har Kulturelt utviklingsprogram ei økonomisk ramme på 6 millionar kroner.

Det er tilrådd støtte til 16 av dei omsøkte prosjekta. Det er stor fagleg og kunstnarleg breidde i tildelingane som er tilrådd, og dei fleste sjangrar /felt innan kulturlivet er representert, både det frivillige og profesjonelle. Alle tilrådde prosjekt relevant i minst to av dei fire programområda.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i katalogen over søknader for 2014. Katalogen følgjer som vedlegg. Nummereringa i vedtaket viser til sidetal i katalogen.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 6 000 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram 2014 til:

Søkjær	Prosjektnamn	Periode	Søknadssum	Tildelt	Merknad
8. Baroniet Rosendal /Den Weis-Rosenkroneske stiftelse	Skattane på slottet	1 år	kr 200 000	kr 100 000	
10. Bergen internasjonale filmfestival	BIFF Expanded - Zenprosjektene	3 år	kr 750 000	kr 300 000	For 2014 og 2015

11. Bergen kommune, BKNI - Seksjon for kunst og kultur	Søknad om tilskudd til prosjekter som styrker produsentleddet innen kunstfeltene i Bergen og Hordaland	3 år	kr 700 000	kr 600 000	Det rås til at ein representant i arbeidsgruppa er frå Hordaland fylkeskommune.
14. Edvard Grieg Ungdomskor (Edvard Grieg Kor)	Pilotprosjekt Edvard Grieg Ungdomskor	3 år	kr 1 200 000	kr 500 000	For 2014 og 2015
18. Hordaland kunstsenter	Ny modell for "Kunst i offentlige rom"	3 år	kr 1 938 500	kr 1 200 000	
24. Museumssenteret i Hordaland, avd. Salhus tricotage	Industridokumentasjon	1 år	kr 53 000	kr 50 000	
26. MusicaNord	Hordaland Kunstmusikk	3 år	kr 1 000 000	kr 700 000	
29. Norges Musikkorps Forbund Hordaland	Samspill for korps i Hordaland	3 år	kr 300 000	kr 200 000	
31. Norsk publikumsutvikling	Norsk publikumsutvikling sin Årskonferanse	3 år	kr 450 000	kr 300 000	
36. Opera Omnia	Arnested for skapende ungdom	1 år	kr 100 000	kr 100 000	
40. Performance Art Bergen	Formidling av performancekunst	3 år	kr 749 900	kr 300 000	
42. Proscen - Produsentenhet for fri scenekunst	"Produsenten &..."	1 år	kr 100 000	kr 100 000	
47. Stiftinga Vestnorsk kulturakademi	Et bygningsvernsenter for Voss/Hardanger	3 år	kr 1 500 000	kr 400 000	For 2014
51. Transiteatret-Bergen	2015-2017	3 år	kr 1 200 000	kr 600 000	
54. Veteranlaget Wichmann Wäertsilä	Norsk Veteranmotor kunnskapssenter	3 år	kr 900 000	kr 400 000	
56. VISP	Kunstguide.no	3 år	kr 150 000	kr 150 000	
Til saman			kr 11 291 400	kr 6 000 000	

Følgjande søknader blir ikkje innvilga:

Søkjar	Prosjektnamn	Totalbudsjett	Samla søknadssum
1. Amatørkulturrådet i Bergen	Amatørkulturråd i Hordaland	kr 400 000	kr 200 000

2. Anders Petersen	Økt publikumsoppslutning i kulturinstitusjonene i Hordaland fylke		kr 100 000
4. Arbeidsgruppen for Kunstgarasjen	Kunstgarasjen	kr 7 446 600	kr 1 800 000
6. Atheno AS/Nettverk Fanari	Nettverk Fanari	kr 1 600 000	kr 600 000
12. Bymuseet i Bergen	Rekonstruksjon av ladromsbåt frå Fusa, 1850.	kr 1 131 128	kr 631 128
16. Halsnøy Historiske Senter	Halsnøy Historiske Senter	kr 55 000 000	kr 3 000 000
22. Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Hordaland Designinkubator	kr 3 000 000	kr 1 500 000
20. Kunstnarhuset Messen	Kunstnarhuset Messen. Programutvikling med vekt på formidling	kr 2 925 000	kr 750 000
23. Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå	Historien fra 1814-2014. Fordeling av ressurser	kr 60 000	kr 60 000
27. Nordhordland Næringshage AS	Sjøpark i Den indre Farleia	kr 520 000	kr 200 000
33. Norsk publikumsutvikling	Tjenestedesign av UNG SONE	kr 240 000	kr 200 000
35. Nynorsk kultursentrum	Olav H. Hauges poesipris	kr 670 000	kr 335 000
37. Osfest AS	Driftsmidler for Osfest AS for 2014	kr 3 641 000	kr 250 000
44. S12 Galleri og Verksted	AiR i S12, Samarbeid, kompetanse og formidling	kr 2 297 000	kr 1 500 000
45. SJAU AS	Syng meg en dans	kr 1 254 480	kr 600 000
49. Studio E39	Studio E39 - Studio og visningsrom for møter, musikk, idéer og scenekunst på «Gullkysten»	kr 1 775 000	kr 375 000
53. Venelaget for Gruo	Heistårnet Juvelen i gruveområdet, Litlabø	kr 2 300 000	kr 700 000
55. Virticom AS	Virtuell historie - tidreise app Bergen i middelalder	kr 750 000	kr 400 000
57. Vossa Jazz	Ekstremjazz på tur	kr 400 000	kr 200 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.08.2014

Fylkestinget vedtok 8. desember 2009 igangsetting av Kulturelt utviklingsprogram i samsvar med vedtak 10. juni 2009, og slutta seg til organisering og søknadsprosess som framstilt i saka.

For 2014 har KUP ei økonomisk ramme på 6 millionar kroner.

Det ligg føre 35 søknader som er handsama i denne saka. Det er til saman totalt søkt om 24 692 528 kroner. Talet på søknader ligg noko lågare enn i fjor. Ingen søknader er avvist pga. formelle manglar.

Søkjane representerer breidda i kunst- og kulturlivet fag- og sjangermessig og geografisk.

Det visast til vedlagte katalog over søknader med fylkesrådmannen sine kommentarar til den enkelte søknad. Tekstane i katalogen er direkte frå søkerane sine eigne framleggingar av seg sjølv og sitt prosjekt i elektronisk registreringsskjema.

Kulturpolitiske utfordringar

Hordaland er eit sterkt kulturfylke med stort mangfald. Kulturlivet i fylket har stor kreativitet, skaparkraft og kunnskap. Kulturlivet representerer eit potensial for nyskaping og innovasjon, til glede for samfunnet, næringslivet, kompetansesektoren og enkeltmennesket.

Offentleg kulturpolitikk må medverka til å sikra mangfaldet ut frå ideen om kulturell eigenverdi. Det er eit mål å gjera utviklinga av kunst- og kulturfeltet til ein integrert del av samfunnsutviklinga gjennom satsing på kultur, næring og verdiskaping. Som regional utviklar må fylkeskommunen leggje til rette for vekst for det profesjonelle kulturlivet og institusjonane, og for utvikling av møteplassar og basar for nyskapande kunst. Eigenarten og kompetansen i sektoren må styrkast, og ein må fremja samarbeid og fellesløysingar. Alle innbyggjarane i fylket må få høve til å nytta kunst- og kulturtildotet.

Det er viktig å vera medviten den avgjerande betydinga frivillig verksemd har for kultursektoren. Frivillig innsats utgjer ein basis i kulturlivet, og her får dei fleste sine første røynsler og møte med kulturaktivitetar, både som skaparar, tilretteleggjarar og mottakarar.

Kultur- og næringsaktørane må ha kompetanse for å utvikle kulturprodukta og kultur som attraksjon. Det er difor viktig å skapa eit godt samarbeid mellom kompetanseaktørar, forskings- og utdaningsinstitusjonar og kulturliv. Grenseoverskridande samarbeid både i høve til profesjonar og geografi kan vera sjølve nøkkelen til regional utvikling. Samhandling mellom by og region på kulturområdet kan løysa ut krefter som er avgjerande for å løfta Vestlandet som eit nasjonalt tyngdepunkt for kunst og kultur.

Kulturlivet i Hordaland er basert på eit samspel mellom store og små institusjonar og frivillige krefter. Det er ei utfordring å stimulera til grasrotaktivitet og desentralisert kulturverksemd og å leggja til rette for kulturelt mangfald og kulturelle aktivitetar for alle grupper. Verdfulle regionale kulturuttrykk må sikrast og få rom for vidareutvikling.

Fylkesrådmannen har såleis ved denne handsaminga søkt å tilrå støtte til søkerar innan ulike felt av kulturlivet for å imøtekomme nokon av desse utfordringane og moglegheitene.

Mål og strategiar for Kulturelt utviklingsprogram

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) for Hordaland er eit verkemiddel for større, klart definerte programsatsingar, og skal støtta prosjekt initierte av kulturlivet sjølv. Programmet skal på sikt dekkja

breidda i kultursektoren, men fordi det er snakk om større satsingar, må ein prioritera nokre programområde, fagområde og prosjekt om gongen.

Programområda er utforma i samråd med kulturlivet i fylket, gjennom Regionalt kulturforum. Visjon og grunngjeving for kulturpolitikken i Hordaland er nedfelt i gjeldande fylkesplan:

Hordaland skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv som er forankra i regionale særtrekk og ope for nye impulsar. Alle skal kunne ta del i og oppleva tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar.

Kulturelt utviklingsprogram skal vera med på å realisera Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske visjonar og vera eit verktøy for ein tydeleg og målretta kulturpolitikk. KUP skal:

- vera eit målretta program med ein tydeleg profil som gir grunnlag for gode spleiseland og krefter til tyngre løft innan større, prioriterte satsingar
- styrkja det kulturpolitiske samarbeidet nasjonalt og internasjonalt
- skapa nytt initiativ på regionalt nivå
- styrkja kulturpolitikken som område for samfunnsutvikling
- styrkja Hordaland fylkeskommune som utviklar av kulturfeltet og kome kulturlivet, institusjonar og organisasjonar til gode
- fanga opp nye initiativ i den regionale kulturpolitikken med vekt på programsatsingar

Hordaland fylkeskommune har ei utfordring i å kome i møte driftsbehova i kunst- og kulturlivet, men Fylkestinget har føresett at KUP ikkje kan nyttast til ordinær drift og investeringar.

Kulturelt utviklingsprogram er eit kulturpolitisk verktøy, og eit strategisk grep for å utvikla kulturlivet i Hordaland. KUP skal vera eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin innsats elles på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad. KUP skal auka fylkeskommunen si moglegheit til å føra ein aktiv og målretta kulturpolitikk.

KUP gir fylkeskommunen høve til å vere ein betydeleg finansieringspartner i prosjekt, men programmet skal i prinsippet ikkje fullfinansiera prosjekt, med ulike grader av medfinansiering.

Krav til søkjar

Søknadene skal vera innafor virkefeltet kunst, kultur, kreativitet og kunnskapsutvikling på feltet. Søkjar sine primæraktivitetar skal vera lokalisert i Hordaland, og søknaden må ha innverknad på utvikling i Hordaland.

Søkjaren må vera offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar, deriblant selskap, foreiningar/lag og stiftingar. Utøvarar med registrerte einskildføretak kan også søkja. Private einskildpersonar kan ikkje søkja, med unntak av tilfelle der føresetnaden er at det vert etablert ein organisasjon, dersom søknaden blir innvilga.

Det er ein føresetnad at deltakarane i prosjektet ved seinare høve vil stilla opp på kurs/seminar/workshops for å formidla erfaringar frå prosjektet. Standardar og kunnskap som kjem ut av prosjektet skal stillast til disposisjon for andre institusjonar i Hordaland.

Grunnkriteria

Det er ikkje mogleg å søkja om støtte til ordinær drift eller investeringar. Det blir berre gitt støtte til prosjekt, og desse kan ha eit tidsrom på inntil tre år. Ved planlegging av ei vidareføring utover prosjektperioden, skal det søkjast å oppnå økonomisk medverknad til drift frå statleg og/eller kommunalt nivå.

Prosjekta har normalt tilskotsgrad på inntil 50%. Eigenfinansieringa kan vera arbeidsinnsats. Det kan bli tilrådd at ein har høgare tilskotsgrad innanfor nokre programområde (t.d. 80%). Stønadssummen vil variera etter prosjekttype. Det kan skiljast på lengd på prosjekt, tilskotsgrad og eventuelt

programområde.

Søknadskategoriar

- 1) 100.000 – 200.000 – prosjekt på inntil 3 år med vekt på nyskaping, overføringsverdi, samarbeid m.v.
- 2) Prosjekt over 200.000 – prosjekt på inntil 3 år, med større krav til partnarskap, gjennomføringsevne, administrasjon, osb.

Det kan i enkelte tilfelle gjevast lågare summar som stimuleringsmidlar til mindre prosjekt/tiltak, eller økonomisk starthjelp for eit prosjekt under utvikling. Her kan det bli vurdert å ha ei forenkla rapportering, t.d. lik forenkla ordning når det gjeld spelemedialar.

Vurdering av prosjekt

I vurderinga er det lagt vekt på:

- _ i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylla mål i programområdet
- _ i kva grad prosjektet har betyding for større regionar, heile fylket eller Vestlandet
- _ i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- _ i kva grad prosjektet vil føra til meirverde for kultursektoren
- _ i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- _ i kva grad prosjektet klarar å bli synleg, mellom anna gjennom marknadsføring og promosjon
- _ i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft (miljøsertifisering)
- _ i kva grad ein har lukkast med å samarbeida med andre og på tvers av kultursektoren
- _ i kva grad ein har teke med vurdering av vidare drift av prosjektet
- _ i kva grad ein har nasjonal eller internasjonal prosjektfinansiering eller driftspliktar

Grunnlag for tilråding

Tilrådinga er gjort i samsvar med forvalningslov og ulovfesta prinsipp for sakshandsaming og skjønnsutøving. Sakshandsamingsprosedyre og tildelingskriterium har som siktemål å sikra eit forvarleg, forutseieleg og etterprøvbart grunnlag for skjønnsutøving i handsaming av søknadene. Tilrådinga er gjort med vekt på transparents og objektivitet, med monaleg vekt på å sikra mot ugrunna ulik handsaming, vilkårlegheit, urimelegheit og/eller vektlegging av utanforliggende omsyn. Administrasjonen har ikkje hatt møte med einskilda søkerar etter søknadsfristen.

Gjeldande programområde for 2014

Langsiktige mål treng langsigktige og føreseielege satsingar. Samtidig er utfordringane stadig skiftande. KUP er ein fleksibel reiskap som skal avgrensa og målretta innsatsen annakvart år, innanfor fylkeskommunen sine langsiktige strategiar.

Kultur- og ressursutvalet slutta seg i møte 18. mars 2014 til revidering av programområder for KUP med følgjande tilleggsvedtak: *"Kultur- og ressursutvalet ber om at KUP ivaretok ynskje om å særleg satse på tiltak som styrker vår lokale identitet / kultur, herunder kystkulturen".*

3 av 4 programområde har vore så og seie uforandra sidan programmet vart vedteke første gong i 2009. Programområda er av ein art som gjer dei relevante for breidda av kulturaktørar.

Når ein no har utvida perioden for programområda er det m.a. på grunnlag av det pågåande arbeidet med regional kulturplan. Når planen er vedteke vil ein utforme nye satsingsområde basert på planen med medfølgjande handlingsprogram.

Ved første tildeling av midlar gjennom Kulturelt utviklingsprogram i 2010 vart det tildelt kr 7 mill. med samla søknadssum på kring kr. 50 mill. I 2011, 2012 og 2013 var det sett av kr. 6 mill. kvart år. Søknadsmengde, breidda i genre og felt, og total søknadssum i desse åra tyder på at programmet med sine programområder

er eit nyttig verktøy for kulturlivet og for å vidareutvikle den regionale kulturpolitikken. Gjeldande programområde femner vidt og legg til rette for ynskt mangfold, samstundes som dei ligg tett på kjernen i gjeldande kulturpolitikk for Hordaland fylkeskommune.

Det er berre i programområde A der er gjort endringar. Det vart avdekkja eit behov for ei meir reint kunstnarleg vurdering av søknadane innan programområde A – *Kunstnarleg nyskaping*, slik det til tidlegare år har vore innretta. Programområde A er i 2014 kalla *Kunsten i samfunnet*. Utvikling av det profesjonelle kultlivet gjennom produksjon og formidling er viktig for Hordaland fylkeskommune, og det bør truleg etablerast eit betre utvikla programområde med vekt på kunstfaglege vurderingsinnretningar frå neste år. Det er viktig å få på plass ei sterkare kunstfagleg vurdering for slik stønad. I inneverande år er programområde A revidert for å tilpassast dette omsynet ved at KUP i år ikkje vert opna for direkte støtte til rein kunstproduksjon. Det er viktig å peike på at det kan søkjast om støtte til kunstprosjekt innan alle dei andre programområda, men då ligg vurderinga på eit breiare plan, der ein legg sterk vekt på andre faktorar enn det reint kunstnarlege.

Prosjekt kan søkjast inn under eit eller fleire programområde.

I samsvar med vedtak i Kultur- og ressursutvalet gjeld følgjande programområde for KUP 2014:

A: Kunsten i samfunnet

Kunstopplevingar er utviklande både for enkeltmenneske og fellesskapet. Det er difor naudsynt å leggja til rette for at alle får høve til å møta ulike kunstartar og -uttrykk i heile fylket. Særleg viktig er det å stimulera vår eiga tids kunst. Kunstfeltet i Hordaland skal vera dynamisk, synleg og kritisk, og spele ei viktig rolle i samfunnsutviklinga.

Dette programområdet kan ikkje rettast mot einskilde kunstnarar og kunstprosjekt, men til arenaer, modellar og infrastruktur som legg til rette for styrking av det profesjonelle kultlivet.

Innsatsen skal særleg rettast mot regionale prosjekt som:

- skaper nye møteplassar mellom kunst og publikum, og mellom kunstnarar og publikum
- er kunstprosjekt i offentlege rom

B: Samarbeid

Kulturlivet på Vestlandet består i stor grad av mange profesjonelle, mindre kulturaktørar i tillegg til dei større institusjonane. Spesielt gjennom dei siste åra har kultur- og kultlivet på Vestlandet lukkast med å etablere fleire velfungerande organisasjonar som dannar gode faglege nettverk. Desse er viktige for overføring av kompetanse og erfaring, og bidreg til å styrka samspele innan det enkelte fagfelt som igjen fører til at heile feltet står sterke. Slike strukturar kan også vera gode partnarar i tverrkunstnarlege/tverrkulturelle dialogar, og slik styrka heile kultursektoren.

Hordaland fylkeskommune skal leggja til rette for vekst i det profesjonelle kulturlivet og institusjonane, og ser felles løysingar og grenseoverskridande samarbeid som grunnleggande for dette. Fylkeskommunen ynskjer å satsa på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode. Det er i regelen viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader. Etablering og vidareutvikling av nettverk innan kulturlivet i Hordaland er vesentleg i det kulturelle utviklingsarbeidet. Det finst mykje kunnskap og høg kompetanse blant enkeltaktørar i fylket, og ved at ulike aktørar innan og på tvers av felt og profesjonar møtest organisert og regelmessig, skapast det rom for gjensidig inspirasjon, kreativitet, kompetanseutvikling og kunnskapsoverføring.

Innsatsen skal særleg rettast mot regionale prosjekt som:

- bidreg til å skapa nettverk og betre møteplassar mellom institusjonar og små føretak, som kan ta større løft

- stimulerer til etablering og styrking av organisasjonar/føretak innan kunst og kultur som arbeider på tvers av kommunar og/eller kultursjangrar
- utviklar arenaer/arbeidsrom for kunstnarleg verksemd med vekt på samhandling mellom by og region.
- er interkulturelle prosjekt
- er internasjonale prosjekt

C: Nyskapande formidling

Hordaland har eit rikt utval kulturtilbod, men mange av tilboda har potensial for å nå fram til fleire. Det er viktig å identifisera kulturelle barrierar og arbeida for at fleire skal ta del i kunst- og kulturlivet. Den offentlege kulturpolitikken skal bidra til å sikra mangfald, likeverd og likestilling også i kulturlivet. Den skal leggja til rette for at fleire utviklar kulturforståing og får oppleva kunst og kultur og slik står betre rusta til å møta og meistra utfordingane i livet og i samfunnet. Fokuset på publikumsutvikling har vorte sterkare dei siste åra. Dette handlar ikkje berre om å telja publikummarar, men også om å nå fram til nye publikumsgrupper.

Innsatsen skal særleg rettast mot regionale prosjekt som:

- utvidar moglegheita for publikum til å oppleva kunst i Hordaland
- er formidlingstiltak mot ulike grupper for å auka kunnskap om og forståing av ulike typar kunst og kulturuttrykk
- tek i bruk nye metodar i kunst- og kulturformidling

D: Kompetanse

I dagens kunnskapssamfunn skjer endringane raskt, og krava til omstilling og kompetanseutvikling er store. Kunnskap og kreativitet står fram som sentrale drivkrefter for verdiskaping i samfunnet og er viktig for at det einskilde mennesket skal kunne utvikla seg. Mange som arbeider innan kunst- og kulturfeltet har behov for å oppdatera seg og tileigna seg ny kompetanse.

KUP skal ikkje erstatte ordinære forskingsprogram og forskingsmidlar. Kompetanseheving gjennom formelle utdanningsinstitusjonar/-system vil difor ikkje verte prioritert.

Innsatsen skal særleg rettast mot regionale prosjekt som:

- er tiltak for å auka kompetansen innan formidling
- koplar frivillige tiltak og profesjonelle fagmiljø, med mål om at det frivillige skal styrkast fagleg, men at det også vil kunna flyta kunnskap og kompetanse den andre vegen
- medverkar til å auka kunst- og kulturaktørar sine inntektsmogleheter gjennom å leggja til rette for å styrke mellom anna økonomisk-administrativ kompetanse
- forskar på kulturfeltet
- aukar arrangørkompetansen for å gje fleire rom for kunst og kultur i fylket.

Vurdering – generelle kommentarar

Det er motteken mange gode, gjennomarbeidde søknader - langt utover det den økonomiske ramma gir rom for. Fylkesrådmannen har lagt vekt på at dei prosjekta som kjem med skal få ei løyving av ein storleik relatert til søknadssum som gjer at prosjektet kan realiserast. Ein har likevel tilrådd gå under søknadssum på nokre av dei tilrådde prosjekta. Grunnen til dette kan vere at ein vil sjå an utviklinga i prosjektet f.eks eit år før ein evt. tilrår støtte resten av omsøkt treårsperiode. I desse tilfella må då søkjær evt. sende ein ny søknad for dei resterande to åra i 2015. I andre tilfelle ser vi søkeradssummen som svært høg, og eigendelen kan vere for låg eller at det er for få andre finansieringskjelder i forhold til verkeområdet til prosjektet. Alle prosjekt som er tilrådd støtte som er lågare enn omsøkt sum vil måtte levere eit oppdatert/revidert budsjett, finansieringsplan og prosjektomtale før midlar vert utbetalet.

Det er ei stor fagleg og kunstnarleg breidde i dei 16 tildelingane som er tilrådd, og dei fleste sjangrar /felt innan kulturlivet er representert, både det frivillige og profesjonelle. Alle tilrådde prosjekt er relevant i minst

to av fire programområde, og programområde B. Samarbeid og D. Kompetanse er dei programområda flest prosjekt relaterer seg til.

Det største tilrådde løyinga går til Hordaland kunstsenter(HKS), som er Hordaland fylkeskommune si viktigaste reiskap i det visuelle samtidskunstfeltet. Kunst i offentleg rom er viktig for fylkeskommunen og føreslått som satsingsområde i det framlagte forslaget til regional kulturplan. Dei regionale kunstsentrar har hatt ei rolle i dette feltet, m.a. som regionalt ledd for Statens organ for kunst i offentleg rom – KORO. I år har KORO lagt om sine retningsliner der det er ein del uavklarte moment, og det er lagt større ansvar på kommunane og fylkeskommunane. Fylkesrådmannen ser at det er ei opning no for at ein kan utarbeide gode regionale modellar som kan ha relevans og nytte for heile landet. Med sin avgrensa kapasitet treng HKS ekstra midlar for å kunne gjennomføre dette arbeidet.

Det er kome inn fleire søknader frå Sunnhordland som omhandlar kulturminne innan maritim- og industriområdet. Det er viktig at det tenkast heilskapleg om desse satsingane, og vi ser det som naturleg at Sunnhordland museum kan spele ei rolle her. I denne handsamingsruna er søknaden frå veteranlaget Wichmann Wäertsilä om norsk Veteranmotorkunnskapssenter prioritert.

Den noverande økonomiske situasjonen i fylkeskommunen ser diverre ut til å ha svært lite rom for nye satsingar i kulturbudsjettet. Difor er fylkesrådmannen ekstra tilbakehalden til å tilrå KUP-støtte til å sette i gang prosjekt som høgt sannsynleg vil trenge driftsmidlar utover prosjektperioden.

Fylkesrådmannen viser vidare til merknader i søknadskatalogen når det gjeld vurdering av kvar einskild søknad. Det må også minnast om at slike kommentarar ikkje kan sjåast på som ei fyldestgjerande / total forklaring / grunngjeving for tilsegn eller avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.